

HOLON AS
Ringeriksveien 346

1340 SKUI

Dato: 18.11.2022
Saknr.: 2022/57077
Dok.nr.: 7
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 148 bnr 20 med flere - detaljregulering - PlanID 5097 - bygging av boliger - Norheim - Jomfrustranda -fråsegn vedrørende kulturminne

Fylkesdirektøren viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Jomfrustranda, plan-ID 5097, i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren har vurdert varselet som sektormyndighet innanfor kulturminnevern. Det vart gjennomført synfaring i varsla planområde den 07.11.2022.

Føremålet med planarbeidet er å omregulere dagens industriområde til bustadtomter.

Merknader - automatisk freda kulturminne på land

Om lag 30 meter aust for varsla planområde ligg det automatisk freda kulturminnet ID 34377 – også kjent som «dei fem dårlege jomfruer» (sjå vedlagt kart). Lokaliteten er eit gravanlegg som består av fem bautasteinar frå eldre jernalder og som henvender seg til sundet. Karmsundet har vore ei viktig ferdselsåre frå førhistorisk tid og fram til i dag. Gravanlegget er lagt slik i landskapet for å vere godt synleg frå sjøsida. Gravanlegget si plassering rett ved Karmsundet tyder på at den gravlagte personen har hatt ein spesiell posisjon i samfunnet. «De fem dårlege jomfruer» (ID 34377) er av høg nasjonal verdi.

Fylkesdirektøren vil understreke viktigeita med at frisikta frå «de fem dårlege jomfruer» (ID 34377) til Karmsundet blir ivaretatt i planforslaget. Fylkesdirektøren forutset at tiltakshavar/utbygger ikkje planlegg bygg/installasjonar/anlegg (plassering, byggehøgder, utforming med meir), som kan få ein *utilbørleg skjemmande verknad* på det automatisk freda kulturminnet (ID 34377), jf. kulturminneloven § 3.

Området sør for gnr. 148, bnr. 77 (jf. skravert område på vedlagt kart) må få ein omsynssone c) – bevaring av kulturmiljø, SOSI-kode H570. Det må knytast ei bestemming til omsynssonen som sikrar at det ikkje kan oppførast nye bygg i grøntområda, samt at nye bygg ikkje kan vere høgare enn mønehøgda på eksisterande bebyggelse. Fylkesdirektøren kan bistå i å formulere slike bestemmingar.

Fylkesdirektøren vil også kunne komme til å ha merknader på byggehøgder på gnr 148 bnr 77, då her i dag er noko fri sikt mellom kulturminnet og sjøen. Det er difor positivt dersom vi kan ha ein nærare dialog om desse problemstillingane i den påfølgande planprosessen.



Ved synfaringa den 07.11.2022 vart potensialet for funn av til nå ukjente kulturminne på land innanfor planområdet vurdert som lågt. Vi vil likevel gjere merksam på at dersom reguleringsplanen skulle komme til å omfatte andre/større område enn det som går fram av varsla plan, må vi få høve til å vurdere eventuelle utvidingar av planområdet.

Merknader - automatisk kulturminne i sjø

Planen er også lagt fram for Stavanger maritime museum som fagansvarleg for kulturminne i sjø. Sjå vedlagt brev, datert 18.11.2022, for deira merknader. (Budsjett for marinarkeologisk registrering vert ettersendt).

Merknader - nyare tids kulturminne

Innanfor planområdet på gnr. 148, bnr 20 ligg det eit Sefrak-registrert hus. Dette er oppgjeve til å vere bygd på slutten av 1800-talet og skal vere flytta frå Visnes i 1920. Huset bør takast omsyn til i det vidare planarbeidet, og verneverdien bør avklarast i samråd med kommuneantikvaren.

Fylkesdirektøren forutset at omsynet til kulturminne vert ivaretatt i tråd med våre merknader, i det vidare planarbeidet.

Helsing
Jan Geir Auestad
Fylkeskonservator

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
KARMØY KOMMUNE

Vedlegg:

- 1 KART MED OMSYNSSONE C) JOMFRUSTRAND
BREV FRÅ STAVANGER MARITIME MUSEUM DATERT 18.11.2022

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.